

SAK 5

Arbeidsplan for Møre og Romsdal SV 2026-29, med budsjett 2026-27

Møre og Romsdal SV skal vere eit utovervendt, inkluderande og handlekraftig partilag som inviterer folk med på laget for å bygge eit grønt og rettferdig samfunn. Vi vil byggje ein sterkare organisasjon for å kunne oppnå større politiske gjennomslag framover, med fylkestingsvalet 2027 og stortingsvalet 2029 som viktige milepålar.

Rettferdig fordeling, miljø og solidaritet legg grunnlaget for SV sin politikk. Fylkesstyret utgjør den politiske og organisatoriske leiinga av fylkeslaget mellom fylkesårsmøta. Dei leier ut i frå vedteken nasjonal politikk, planar og gjeldande fylkesvalprogram for Møre og Romsdal mellom fylkesårsmøta.

Fylkesårsmøtet vedtek arbeidsplanen og tilhøyrande budsjett. Planen er ei konkretisering av SV sin nasjonale arbeidsplan, med særleg vekt på oppgåvene til fylkeslaget. Fylkesstyret rapporterer til årsmøtet om oppfølging av planen. Planen blir revidert minimum annakvart år, og kvart år om fylkesstyret eller lokallag ynskjer det.

Arbeidet i fylkesstyret

Fylkesstyret har ansvar for organisatorisk og økonomisk drift av fylkeslaget, og for å byggje ein trygg og god partikultur. Sentrale oppgåver er å utvikle og styrkje partiorganisasjonen, samordne det politiske arbeidet i fylket og opp mot sentralleddet, byggje alliansar med fagrørsla, miljørørsla og andre aktørar med samanfallande politisk interesse, og profilere SV sin politikk. Saman med fylkessekretær, har fylkesstyret desse kjerneoppgåvene:

1. Følgje opp organisatoriske vedtak, årshjul, økonomi og planar. Sørgje for at nominasjonsprosessar, programarbeid og valkamparbeid kjem tidleg i gang og arbeide for at SV stiller liste i flest mogleg av kommunane i Møre og Romsdal.
2. Fronte fylkeslaget og SV nasjonalt sin politikk. Sikre at fylkeslaget får medverke i politikikutvikling og organisatorisk utvikling av SV nasjonalt.
3. Samordne det politiske arbeidet mellom fylkeslaget, fylkestingsgruppa, lokallaga og folkevalde i kommunane, stortingsgruppa og landsstyret til SV.
 1. Halde på faste møtepunkt mellom fylkesstyret, fylkestingsgruppa og SV sentralt (stortingsgruppe og partikontor)
 2. Vidareutvikle nyhendebrev til lokallaga/lokale folkevalde
 3. Vidareføre dei faste digitale lokallagsleiarmøta fire gongar i året, og vurdere å etablere tilsvarende møtepunkt for folkevalde i fylket
 4. Koordinere besøk frå sentrale SV-politikarar til fylket
4. Oppretthalde gode kanalar for utveksling av arbeid, idear, erfaringar og samarbeid på tvers av lokallaga. Støtte lokallag som slit.
5. Byggje vidare på alliansane vi har med fagrørsla og miljørørsla, samt andre aktørar vi deler politisk syn med i ulike saker. Inngå formelle samarbeid der det er tenleg.

SAK 5

Målsetjingar og tiltak for perioden

Hovudmål 1: mobilisering

Vi må mobilisere og organisere for gjennomslag.

Vi må vidareutvikle organisasjonen slik at partiet framstår meir relevant og i større grad evnar å mobilisere folk. Vi vil arbeide strategisk med meir direkte veljarkontakt. Gjennom å møte folk og lytte til deira kvardagserfaringar, vil vi utforme politikk og kommunikasjon som treffer, og mobiliserer fleire til å delta i det politiske prosjektet vårt.

Vi må aktivt invitere nye inn i partiet og vise at det er mange ulike måtar å bidra på. Vi må også vere bevisst på korleis vi kommuniserer politikken vår, og fronte den på måtar som ikkje støyter folk bort, men som inkluderer og vekker tillit og engasjement.

Vi vil byggje tillit til veljarar og innbyggjarar gjennom å vere tydelege, konstruktive og pålitelege, og fronte saker som folk bryr seg om i kvardagen. Vi skal vise at politikken blir skapt nedanfrå og opp. Vi skal søkje makt og ta ansvar for å oppnå gjennomslag for politikken vår.

Tiltak:

1. Fylkesstyret prioriterer arbeidet med den lange valkampen fram mot 2027 høgt, der møte og kontakt med lokallag, folk og veljargrupper blir viktig. Arbeidet med nominasjon og valgprogram for fylkestingsvalet 2027 må i gang snarast råd.
2. Fylkesstyret vil kartlegge situasjonen i lokallaga og bistå i arbeidet med nominasjon og lokale valprogram der det trengst.
3. Vi vil arbeide for mest mogleg direkte veljarkontakt i fylket. Fylkeslaget kan bistå lokallaga med dørbank-aksjonar og/eller andre aktivitetar der vi får møtt og lytta til folk. Metoden kan også nyttast til å få innspel til nye lokal- og fylkesprogram.
4. Fylkeslaget vil arbeide for fleire utadretta aktivitetar, temamøte eller stunt-aksjonar saman med lokallaga i fylket.
5. Fylkeslaget vil bruke verktøya vi har for å ringe og ta direkte kontakt med medlemmane for å mobilisere til aktivitetar.
6. Vidareutvikle samarbeidet med fagrørsla og andre aktørar med samanfallande interesse. Ha jamnlege møte, invitere til konkrete samarbeid og inngå fleire formelle samarbeidsavtalar der det er tenleg.
7. Fylkeslaget vil arbeide systematisk for å auke synlegheita til SV og SV sine profilar i media og i sosiale media. Med ein betre kommunikasjon av politikken vår, kan budskapet våre treffe innbyggjarar og veljarar betre.
8. Fylkeslaget vil ha tett kontakt med SU og bistå SU i å danne fleire og sterkare SU-lag og eventuelt etablere studentlag i fylket.
9. Fylkeslaget bidreg til at SV er synlege i heile fylket på faste merkedagar som 8. mars, 1. mai og 5. juni (verdas miljødag).

SAK 5**Hovudmål 2: aktive medlemmar**

Vi treng fleire aktive medlemmar for å gjere organisasjonen meir utoverretta

Ein utoverretta organisasjon får med seg fleire. Medlemmane våre skal vite at dei er den viktigaste ressursen vår, og vere klar over kva partiet treng at dei bidreg med. Vi må gjere det tydeleg at det er mange ulike måtar å engasjere seg i SV på, og invitere medlemmane våre til å vere med og byggje laget.

Etter ein røff valkamp og påfølgjande haust, er kanskje det aller viktigaste å behalde eksisterande medlemmar. Vi må saman byggje lojalitet og tilhøyre gjennom aktiviteten vår. Fylkeslaget vil støtte lokallaga i arbeidet med å ivareta medlemmane og tilby meningsfulle aktivitetar. Vi må også vise tydeleg at partiet er ein reiskap for å kjempe for dei sakene veljarane har stemt på oss for.

Tiltak:

1. Fylkeslaget støttar lokallag i medlemskontakten og bistår i mobiliseringsringing
2. Alle nye medlemmar vil få tilbod frå sentralt om å delta på "ny i SV"-møte, samt at partikontoret vil køyre jamnlege kurs i verving og medlemsaktivitet.
3. Fylkeslaget vil sikre at medlemmar blir invitert med på ulike aktivitetar og veit korleis dei kan bidra.
4. Fylkeslaget vil arbeide for at det blir enklare for medlemmar som ynskjer å bidra som aktivistar å få konkrete oppgåver, t.d. gjennom å kople seg på nasjonale kampanjar eller organisere seg i regionale skrivegrupper
5. Fylkeslaget vil arbeide for ein open og trygg partiorganisasjon der medlemmar med ulik bakgrunn skal kjenne seg heime. Det skal vere mogleg å bidra på ulike måtar.
6. Fylkeslaget bidreg til møteplassar på tvers som kan inspirere til vidare frivillig innsats for partiet
7. Fylkeslaget bidreg med aktiv gjenverving på hausten for å unngå at medlemmar fell ut av medlemsregisteret ved årsskiftet

SAK 5**Hovudmål 3: skulering og oppfølging**

Vi må gi tillitsvalde og folkevalde god opplæring og oppfølging.

For å byggje politiske profilar, må vi utruste og skulere listekandidatar og folkevalde slik at dei er trygge i verva sine, er stødige i politikken, har reiskap til å syne att i media og sosiale media, får bidra i politikkkutforminga og beheld engasjementet over tid.

Vi må også sørge for at det er god opplæring og støtte kring dei som har tillitsverv i lokallaga. Eit parti treng mange fleire enn dei folkevalde, og mange oppgåver er mindre synlege. Ei god arbeidsdeling, delegering og oppfølging kan gjere arbeidet enklare.

Det skal vere motiverande og kjekt å bidra i SV. Vi vil jobbe systematisk med å få fleire til å delta på nasjonale kurs, konferansar og digitale opplæringstilbod. Fysiske møteplassar er særleg viktig for å gi påfyll, motivasjon og rom for erfaringsutveksling. Det er også viktig at fleire får erfaring med ulike verv og oppgåver, både på fylkesnivå og nasjonalt.

Tiltak:

1. Vi vil løfte og kurse tillitsvalde og folkevalde og byggje lokale profilar som folk har tillit til, og som tek plass i den politiske debatten. Vi vil leggje til rette for fysiske møteplassar i fylket, i tillegg til digitale møte.
2. Fylkeslaget bidreg med å rekruttere aktuelle kandidatar til eit meir djuptgåande skuleringsprogram som blir arrangert av partiet sentralt.
3. Fylkeslaget bidreg til at kurstilbod frå SV sentralt blir brukt av medlemmar, tillitsvalde og folkevalde i fylket. Det kan vere digitale kurs knytt til spesifikke verv, eller meir generelle kurstilbod.
4. Fylkeslaget bidreg til at flest mogleg av toppkandidatane i lokal- og stortingsval deltek på det partikontoret tilbyr av debattrening, media & sosiale media-kurs, politisk skulering etc. Unge kandidatar og kandidatar med minoritetsbakgrunn skal få særskild oppfølging.
5. Alle fylkesstyremedlemmar og fylkesleiar gjennomfører eigne kursprogram.
6. Fylkeslaget skal bidra til skulering og fysiske samlingar for kandidatar og aktivistar til vala i 2027 og 2029.
7. Fylkeslaget bidreg til å byggje ein open, trygg og støttande partikultur med rom for meiningsbryting og respekt for demokratiske prosessar. Det skal vere gjevande, kjekt og sosialt å engasjere seg i SV!

SAK 5

Budsjett 2026-2027			
	Regnskap 2025	Budsj 2026	Budsj 2027
Diverse inntekter	337 815	110 000	155 000
Overføringer fra egen org. Kontorkostnad	50 000	50 000	50 000
Overføringer fra org.fondet		15 000	15 000
Egenandeler arrangement	45 360	45 000	45 000
Bidrag/gaver - andre	76 865		20 000
Overføringer fra egen org. diverse	165 590		25 000
Delfinansiering fylkestingsgruppa	80 000	80 000	80 000
Medlemskontingent	79 930	80 000	80 000
Offentlig støtte	312 466	320 000	320 000
Statsforvalteren i Vestland (Statsstøtte)	270 496	278 000	278 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	41 970	42 000	42 000
Partiskatt fra fylkestingsgruppa	96 713	95 000	95 000
SUM INNTEKTER	906 923	685 000	730 000
UTGIFTER			
Administrasjon og kontor (FS, IT)	-320 276	330 200	340 200
Andel fylkessekretærordning	-198 174	205 000	215 000
Regnskapstjeneste SV sentralt	-58 086	60 000	60 000
Tekniske tjenester SV sentralt	-6 995	7 000	7 000
Programvare regnskap	-5 460	6 000	6 000
Kontorleige	-47 400	48 000	48 000
Bank, gebyrer o.l.	-4 161	4 200	4 200
Datautstyr			
Årsmøte*	-129 703	157 000	157 000
Hotell (overnatting/møterom/mat)	-121 582	150 000	150 000
Innleder- og avtakingsgaver	-570	2 000	2 000
Div	-7 551	5 000	5 000
Rep.skap / Nom.møte / Valkampsamling		20 000	20 000
Fylkesstyret		5 000	5 000
Sentrale møter og samlinger (inkl. LS og L)	-127 756	35 000	135 000
Strategisamlinger og LS	-27 500	35 000	35 000
Landsmøte	-100 256		100 000
Øvrige reisekostnader (inkl. fylkessekr.)	-14 643	5 000	10 000
Folkevalgtsamling/kurs		15 000	15 000
Valgkampkostnader	-251 208		250 000
Øvrig annonsering (ikke valgkamp)			
Aktivitetsfond lokallag/støtte SU		15 000	15 000
Diverse	-8 344	10 000	10 000
SUM DRIFTSKOSTNADER	-851 930	577 200	942 200
DRIFTSRESULTAT	54 994	107 800	-212 200
EGENKAPITAL	384458	492 258	280 058